



HAVRÅ

M U
H O

Osterøy kommune
[Adresse]
5282 Lonevåg

MIH

MAJ

Havrå, 13.09.2023

Agros 132134

Nytt inntaksrøyr i bassenget.

Vedlagt er rapport med rekneskap og faktura.

Med venleg helsing

Marit Adelsten Jensen
Avdelingsleiar
Havrå

Postadresse:
Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

Besøksadresse:
Havrå
Bruvikvegen 272
5286 Haus

havraa@muho.no
55 25 10 80 - 5 | 959 14 742
Org.nr. 971 349 743



Me har jamt ulike problem med høgdebassenget og inntaksrøret vårt. Dette fører til reparasjonar, erstatte det som er øydelagt eller finne nye løysingar.

Til dømes har det vore vanskeleg å få ventilane i bassenget til å verta tette, slik at me i periodar har plugga røyra frå utsida. Etter fleire forsøk har «Vevle mekaniske» no klart å få dei tette.

Dei har òg laga ein liten plattform inne i bassenget, samt ei bru i strekkmetall slik at me tryggare kan inspisera både basseng og inntaksrør. Dette er særleg viktig om vinteren, då det vert glatt.

Etter ein kraftig nedbørsperiode for fleire år sidan knakk inntaksrøret heilt ute ved demninga. Det var eit tre som hadde kilt seg inn, slik at røret stod rett opp. Dette har vore mykje til bry, då det er her som røret er knekt det legg seg stein grus, greiner og lauv som stenger for vatnet som skal inn i bassenget.

For å hindre at inntaket til bassenget frys til is om vinteren, tredde me eit elvestadrøyr inn i eksisterande røyr. Det synte seg å fungere dårleg, då varmekabelen tok for stor plass, og dermed hindra vatnet å renne fritt inn i bassenget.

Me gjer bassenget reint for lauv, småstein og sand minst ein gong i året. Det har ikkje vore noko form for tilkopling til inntaksrøret, eller moglegheit for å stenge vatnet inn i bassenget. Dette gjer det svært vanskeleg å få spyle bassenget reint.

For å få eit basseng som fungerer så optimalt som råd, fekk Åsheim Rørservice jobben med å skifte ut eksisterande inntaksrør med eit større rør med integrerte varmekablar



HAVRA

Dei la røret heilt inn i «demninga» samt at dei sette på ein sil i enden av røret, slik at sand og grus ikkje hamnar i bassenget.

Innvendig i bassenget er det no høve for å stenge inntaket, samt kople på ein slange når det er naudsynt å spyle bassenget innvendig. Dette lettar jobben vår, og samstundes er bassenget sikrare. No er det stabil tilførsel av vatn heile året, samt at me kan kople på straum i lange periodar.

Alt teknisk arbeid er utført av Åsheim Rørservice. MUHO sitt arbeid i prosjektet er knytt til å knuse vekk den gamle demningen og demontere brua for å gje plass til nytt røyr. I tillegg har me frakte verktøy og utstyr, samt opprydding.

Rekneskap:

Åsheim rørservice	kr.154 258, 50 eks.mva
MUHO 5 dv à kr 2535	kr. 12 675 , 00
Totalt	kr. 166 933,50,-